

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

NR. 7.7.3

Rettleiing for førehandsstemming

NÅR VELJAREN ER MANNTALSFØRT I EIGE SOKN

10. AUGUST TIL 6. SEPTEMBER

KYRKJEVALREGLANE § 9-4
VALHANDBOKA kapittel 7.7.3, side 84-85

GJENNOMFØRING

- Veljarane skal kunne velje stemmesetel og gjere endringar i einerom og usett
- To stemmemottakarar skal vere til stades
- Det skal ikkje kryssast i manntalet, dette gjerast i behandling av førehandsstemmene før valdagen

REGLAR

Gjer veljaren kjent med reglane, og vis veljaren valavlukket.

- Veljaren kan stemme ved eitt eller begge vala
- Dersom veljaren berre vil stemme ved eitt val kan han eller ho ikkje kome tilbake seinare å stemme ved det andre
- Veljaren kan ikkje stemme på valdagen
- Veljaren skal velje berre ei liste ved kvart av vala. Det er lov å stemme blankt
- Veljaren kan, men må ikkje, gjere endringar. Instruksjon om dette står på setelen
- Stemmesetelen skal brettast ein gong


MOTTAK AV STEMME

1. Be om legitimasjon og kontroller denne
2. Stemple stemmesetelen/stemmesetlane
3. Be veljaren legge stemmesetlane i kvar sin **stemmesetelkonvolutt** og lime igjen. Val til sokneråd og bispedømmeråd/Kyrkjemøtet skal i kvar sin konvolutt.
4. Legg stemmesetelkonvoluttane saman med valkortet i ein **omslagskonvolutt** og skriv «inkluderer valkort» på omslagskonvolutten. Dersom veljaren ikkje har med valkort, skal veljaren sjølv skrive namn, fødselsdato og manntalsregistrert adresse på omslagskonvolutten.
5. Stemmemottakar signerer på omslagskonvolutten og skriv dato, tid og stad for stemmegivinga.
6. Omslagskonvolutten blir lagt i ei **valurne**.
7. Stemmemottakar fører opp førehandsstemminga i *Skjema 7.7.3: Liste over mottekne førehandsstemmer—eige sokn (vedlegg til valstyrets protokoll)*.

KONVOLUTTAR

Stemmesetelkonvolutt bør vere i C5-format utan påskrift og skal vere **kvit** for soknerådsva og **farga** for Bispedømerådsva, med moglegheit for å lime igjen.

Omslagskonvolutt kan vere kvit eller farga, og må vere stor nok til å romme inntil to stemmesetelkonvoluttar og valkort.



Omslagskonvolutt utan valkort:

Veljaren skriv namn, fødselsdato og adresse.

Stemmemottakar signerer og skriv dato, tid og stad.

VALURNE

Det skal nyttast valurne ved førehansstemminga. Dette er eit krav etter kyrkjevalreglane §7-4 (2). Valurna skal vere forseгла.

RETT TIL HJELP

Veljarar med nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne har rett på ein ekstra hjelpar. Les meir i Valhandboka kapittel 8.8.6.